



FYLKESMANNEN
I ROGALAND



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0031 Oslo

Stavanger 13.03.2017

Flytting av statlege arbeidsplassar innan landbruksforvaltinga til Rogaland

Vi viser til plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar, og vil med dette kome med innspel frå Rogaland når det gjeld flytting av arbeidsplassar innan landbruksforvaltninga ut av Oslo.

I Rogaland er vi klare til å ta fleire arbeidsoppgåver innan mange sektorar. Dersom vi ser på kva komparative fortrinn fylket har, står landbruksnæringa i fremste rekke, ei kompleks og verdiskapande næring som gir gode rammer og stimulerande miljø for den landbruksforvaltninga vi har i dag. Dette betyr at Rogaland også har dei rette føresetnadene for å ta ein større del av forvaltningsoppgåvene i landbruket, det vere seg både oppgåver knytte til direktorat og oppgåver som kan samlast i eitt fylkesmannsembete.

Rogaland er det viktigaste jordbruksfylket i landet og ein sentral region for å nå Stortinget sitt overordna mål om auka produksjon av mat, i takt med folketalsutviklinga.

Landbruksfylket Rogaland har viktige fortrinn for landbruksforvaltninga;

- Særskilt aktivt landbruk – stor aktivitet i heile fylket
- Viktige kompetansemiljø – sterke og mangfoldige
- Stor industri – moderne og offensiv



Frå Jæren 2016 – fotograf Iris-Adele Berg Jess

Aktivt landbruksmiljø – 10 000 årsverk

Samla verdiskaping i landbruket i Rogaland er 5,6 milliardar (2014), med 6 500 årsverk på primærleddet og 3 300 sysselsette i den landbruksbaserte industrien. I tillegg kjem all aktiviteten som landbruket skaper i andre sektorar, eksempelvis den mekaniske industrien.

Rogaland blir omtalt som eit 10 prosent-fylke når det gjeld landbruksareal, eit 20 prosent-fylke når det gjeld grovføretande dyr og eit 30 prosent-fylke når det gjeld kraftførkrevjande produksjonar.

Enkelt kan landbruket framstilla slik:

- 4 000 landbruksbedrifter
- 1 mill. dekar jordbruksareal
- 1/6 av mjølka
- 1/5 av sauehaldet
- 1/4 av svinehaldet
- 1/3 av eggproduksjonen
- 1/7 av grøntsektor på friland

Innan fjørfe er Rogaland leiande når det gjeld avl og produksjon av livkyllingar, både for eggproduksjon og slaktekylling. Rogaland er elles, meir enn tidlegare, eit leiande veksthusfylke med om lag 85 prosent av tomatproduksjonen og 35 prosent av agurkproduksjonen.

Viktig kompetanseMiljø

Vi har eit godt utvikla kompetanseMiljø knytt opp mot landbruket

- To aktive vinterlandbrukskulalar (Jæren og Ryfylke)
- To vidaregåande skular med landbruksfag (Tveit og Øksnevedad)
- Høgskolen for landbruk og Bygdenæringer (HLB på Særheim)
- Validè – inkubator (Ipark)
- Fleire viktig FOU-miljø;
 - Særheim (HLB, NIBIO, NLR Rogaland)
 - Veterinærhøgskulen avd Høyland (NMBU)
 - Måltidet hus (NCE, måltidsforsking, Nofima, Tine, Blue planet,...)
 - Universitetet i Stavanger (hotellfag, miljøteknologi, klima...)
 - IRIS (miljø, klima, teknologi, førutvikling, biogass...)
 - Førutvikling (Skreddring, Felleskjøpet, Fiskå Mølle, Cargill Aqua Nutrition)

Rogaland satsar offensivt på forsking og utvikling for å styrke landbruket. Gjennom regionalt samarbeid har NIBIO på Særheim fått styrka forskinga innan grovfôr. Innan førutvikling er det elles eit omfattande forskings- og utviklingsarbeid i regionen, med kopling av kompetanse innan blå og grøn sektor. Felleskjøpet Rogaland Agder i Stavanger har Skandinavias største kraftfôrfabrikk. Rogaland har det største miljøet i verda innan forsking på fiskefôr. Innan sjømat har Rogaland den mest samansette næringsklynga i verda.

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) har søkelyset på nyskaping, samfunnsentrerprørskap og jordvern. Ved NMBU sin seksjon for småbeforskning og husdyrhelse i Sandnes er det kome opp eit nytt biomedisinsk forskingsbygg - Sandnes Education and Research Center Høyland, SEARCH. Intensjonen er å driva forsking, utdanning og innovasjon og legge til rette for eit breitt forskarsamarbeid for akuttmedisin og helse der legar og veterinærar jobbar saman.

Både blå og grøn sektor står føre miljøutfordringar, og det er etablert ei rekke forskings- og utviklingsprosjekt for å møte desse utfordringane. Vi viser her til aktiv bruk av verkemidla gjennom VRI og RFF, og til tett samarbeid regionalt. Det er bygde pilotanlegg på Jæren innan biogass.

Vedlagd er ein kartfigur som gir ein oversikt over heile spekteret av kompetansemiljø i Rogaland, mange med ei historie knytt til landbruket. Kartet skal kvalitetssikrast vidare, og vi har som mål å lage eit interaktivt kart der vi kan sortere ut aktørar som har direkte tilknyting til landbruket.

Stor industri – moderne og offensiv

Det er ein omfattande landbruksrelatert industri i fylket. Tine sitt nye anlegg i Hå kommune foredar åleine over 200 mill. liter mjølk årleg. Tine driv elles omfattande FOU-arbeid lokalisert på Måltidets Hus, med om lag 25 årsverk. Verksemndene i Kviamarka på Jæren gjer Hå til den kommunen med størst verdiskaping innan landbruksbasert industri i Noreg, i tillegg til at Hå er landets største husdyrkommune. Nortura si slakteriverksemd på Forus gjer at Stavanger også er stor innan næringsmiddelindustri.

I tillegg til store verksemder innan samvirke, er det også omfattande aktivitet i andre industriverksemder knytte til foredlingsleddet (Q-Meieriene, Fatland, Den Stolte Hane). Fatland slakteri, med anlegg i Ølen og Sandnes, leverer åleine om lag 20 prosent av alt kjøt som blir selv i Noreg.

Landbruksforvaltinga i fylket

Fylkesmannen i Rogaland med over 20 årsverk innan landbruk, er i god interaksjon med landbruksnæringa i fylket. I dialog med kommunaleddet blir det forvalta om lag 1,4 mrd av midlane over jordbruksoppgjeren. Det er bygd opp god kompetanse både innan forvaltnings- og utviklingsoppgåver, og det er ein god dialog med det regionale partnarskapet. Ein stor del av dei prinsipielle sakene til nasjonal avgjerd kjem frå Rogaland.

Regional landbrukspolitikk

Den regionale næringspolitikken slår fast at Rogaland treng eit aktivt landbruk både på Jæren og i andre delar av fylket for å kunne oppretthalde og vidareutvikle den nasjonale posisjonen som matfylke. Eit aktivt landbruk er også viktig for å oppretthalde levande bygder og lokalsamfunn i heile fylket, noko som er ein grunnleggjande føresetnad for å kunne få til verdiskaping og næringsutvikling innan landbruket og andre naturbaserte næringar. Den regionale landbrukspolitikken er forankra i Regionalplan landbruk i Rogaland.

I Rogaland samordnar vi verkemidla og verkemiddelaktørane gjennom handlingsprogram næring. Dette er eit handlingsprogram for å følgja opp dei regionale næringsutviklingsplanane der Regionalplan landbruk er ein av dei viktigaste. Verkemiddel for regional innovasjon, VRI, er også ein del av handlingsprogram næring.

Rogaland – eit endå sterkare jordbruksfylke i framtida

Rogaland er i ei omstilling til auka verdiskaping innan bioøkonomien. Det gjer at vi har gode føresetnader for å bli eit endå sterkare jordbruksfylke. Nedgangen i oljeøkonomien og overgangen til det grøne skiftet gjer at jordbruket får ei endå viktigare rolle i Rogaland. Det er vedtatt at Rogaland skal lage ein regional strategi for bioøkonomi der landbruket er ei av dei viktige næringane det skal satsast på.


Færrest statlege arbeidsplassar i Rogaland

Stavanger-regionen er den storbyregionen i Noreg som har klart færrest statlege arbeidsplassar i forhold til folketalet målt mot andre storbyregionar. Særleg gjeld dette innan sentrale institusjonar som sjukehus og universitet. Medan 16 prosent av dei sysselsette i Oslo- og Trondheims-regionen er tilsette i statleg forvaltning, er tilsvarende tal for Stavanger-regionen berre åtte prosent.

ANSATTE I STATLIG FORVALTNING I NORGE								
Region	Befolking	Sysselsatte 2015	Statsansatte 2015	Sysselsatte 2008	Stats- ansatte 2008	Statens andel av veksten siden 2008	Statlig andel av sysselsatte	
Oslo	662.587	451.379	72.350	427.902	60.978	48 prosent av veksten	16 prosent	
Kristiansand- regionen	138.129	67.315	7.321	65.886	6.371	66 prosent av veksten	11 prosent	
Stavanger- regionen	322.132	170.679	13.311	160.593	11.169	21 prosent av veksten	8 prosent	
Bergen- regionen	382.508	197.795	26.131	188.398	23.109	32 prosent av veksten	13 prosent	
Trondheim- regionen	283.865	147.244	24.177	139.928	20.216	54 prosent av veksten	16 prosent	
Tromsø- regionen	86.666	47.066	10.668	43.992	9.378	42 prosent av veksten	23 prosent	
Norge totalt	5.236.826	2.587.704	294.121	2.525.000	253.877	64 prosent av veksten	6 prosent	

* Tabellen viser antall sysselsatte etter arbeidstet. Kilde: SSB

Næringsforeningen i Stavanger-regionen har laga denne oversikta med talmateriale frå SSB siste kvartal i 2015. Tabellen gir ei god oversikt over dei ulike storbyregionar når det gjeld tilsette i staten.



Sysselsette i prosent etter sektor og fylke 4. kvartal 2015 (SSB)

Denne figuren er henta frå vedlegg til Meld. St. 18 (2016-2017), *Berekraftige byar og sterke distrikt*. Her kjem det også tydeleg fram at Rogaland er i ei særstilling når det gjeld lite omfang av statlege stillingar.

Kritisk arbeidsmarknad

Det er elles godt kjend at Rogaland er det fylke som har hatt størst auke i talet på arbeidsledige. Dette gjeld også mange med høyere utdanning. Auken har vore særleg stor i det sentrale byområdet på Nord-Jæren, med over 5 prosent arbeidsløyse våren 2017. Dette er etter vår vurdering også eit argument for at det bør flyttast fleire statlege stillinger til denne regionen.

Attraktiv region, ledige kontorlokale

Rogaland er ein attraktiv bu- og arbeidsregion, og grunna nemnde situasjon i arbeidsmarknaden er det nå langt lettare å skaffe seg bustad også i Stavanger-regionen. Det er elles overkapasitet når det gjeld kontorlokale, og det vil slik sett vere relativt enkelt å få tilgang til ferdige lokale til eit eventuelt samla Landbruksdirektorat.

Stavanger-regionen er godt kjent for god kommunikasjon innanlands, i tillegg har vi eit godt utbygd flyrutetilbod til internasjonale destinasjonar.

Vidare prosess

Fylkesordføraren og Fylkesmannen vil i nærmeste framtid ta kontakt med næringsorganisasjonane i landbruket, forskingsinstitusjonane og andre aktuelle regionale aktørar for å leggje eit breiare regionalt trykk bak utspelet om å flytte arbeidsplassar innan landbruksforvalting (Landbruksdirektoratet) til Rogaland. Vi er kjende med at fleire aktørar alt har engasjert seg i saka.

Vi vil med dette be om at Rogaland blir vurdert som eit aktuelt fylke for lokalisering ved flytting av statlege arbeidsplassar på landbruksområdet. Samstundes legg vi til grunn at vi blir involverte i det utgreiingsarbeidet som nå skal gjerast fram til 1. juli.

Med helsing

Søveig Ege Tengesdal
Søveig Ege Tengesdal
Fylkesordførar

Magnhild Meltveit Kleppa
Magnhild Meltveit Kleppa
Fylkesmann

Vedlegg: Kartillustrasjon

Kopi til :
Landbruks- og matdepartementet
Stortingsbenken
Kommunane i Rogaland
Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane
NHO Rogaland
LO Rogaland